

Lindås kommune  
v/ rådmann Ørjan Raknes Forthun

30. september 2014

## **OPPSTART AV SELSKAPSKONTROLL – LINDÅS TOMTESELSKAP AS**

Deloitte vil i samsvar med utarbeidd prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet i Lindås kommune, starte opp ein selskapskontroll av Lindås Tomteselskap AS.

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Lindås kommune si eigarstyring av Lindås Tomteselskap AS. Vidare er føremålet med selskapskontrollen å undersøke om Lindås Tomteselskap AS har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.

Revisjonen vil hente inn dokument frå Lindås Tomteselskap AS og Lindås kommune for å belyse problemstillingane i prosjektet.

Revisjonen ber om å få sendt over følgjande dokumentasjon frå Lindås kommune:

- Sist oppdaterte eigarskapsmelding og rutinar for revidering av meldinga
- Alle politiske saker av relevans for eigarstyringa av Lindås Tomteselskap AS dei siste tre åra
- Rutinar/retningslinjer for kommunen si oppfølging av selskap
- Retningslinjer i Lindås kommune for val av styrepraesentantar
- Retningslinjer knytt til registrering av styreverv (og omtale av korleis kommunen ev. følgjer opp dette)
- Andre dokument som kommunen vurderer som relevant i samband med selskapskontrollen

I tillegg ber revisjonen om ei kort skildring av følgjande:

- Korleis Lindås kommune organiserer eigarstyringa av Lindås Tomteselskap AS (inkl. namn og kontaktinformasjon til tilsette med ansvar for oppfølging av selskapet)
- Korleis Lindås Tomteselskap AS rapporterer til kommunen og rutinar for kommunikasjon (t.d. faste møtepunkt)
- Praksis for gjennomføring av eigarmøte med selskap
- Kommunen sitt opplæringsstilbod til folkevalte knytt til eigarskapsforvaltning
- Kommunen sitt opplæringsstilbod til styrepraesentantar

Vi ber om at vi får sendt over dokumentasjonen seinast innan **torsdag 16. oktober**. I den grad det er etterspurte dokument som ikkje er utarbeidd av Lindås kommune, er det fint om det blir opplyst særskilt om dette.


Revisjonen vil på eit seinare tidspunkt gjennomføre intervju med representantar frå selskapet og kommunen. I etterkant av intervjuet vil det bli sendt referat til intervjupersonane for individuell verifisering.

Revisjonen vil utarbeide ein rapport til kontrollutvalet på bakgrunn av gjennomført selskapskontroll. Selskapet og kommunen vil få høve til å verifisere innhaldet i faktadelen av rapporten, og komme med ein høyringsuttale til dei vurderingar og forslag til tiltak som revisjonen kommer med, før endeleg rapport leverast til kontrollutvalet. Høyringsuttaler vil bli lagt ved den endelege rapporten.

Revisjonen ber om at Lindås kommune så raskt som mogeleg oppnemner ein kontaktperson for selskapskontrollen som revisjonen kan samarbeide med for å få vidare tilgang til relevante dokument og organisering av intervju.

Eventuelle spørsmål om selskapskontrollen kan rettast til prosjektleiar Stine Karoline Olsen på tlf. 984 39 606, eller per e-post til [stiolsen@deloitte.no](mailto:stiolsen@deloitte.no).

Med venleg helsing  
Deloitte AS



Stine Karoline Olsen